



## Bridge og sommarleir i Austevoll 2016

Austevoll bridgeklubb vil i samarbeid andre frivillige lag i Austevoll arrangere "Bridge og sommarleir i Austevoll" frå **27. juni til onsdag 29. juni 2016**. Hordaland Bridgekrets og Norges Bridgeforbund er med å støttar leiren, og interesserte frå heile landet er velkommen.

Hovudmålet med leiren er at dei unge skal lære seg å spele kortspelet bridge, men det blir også mykje tid til både friluftsliv, sport, litt gaming og tid til å berre "henge" og kanskje få seg ein ny venn eller to og finne sommarferiemodusen ilag. Klubben har fått tak i gode instruktørar som kjem til Austevoll for å vera med.

Ungane blir innlosjert i Austevolls hallen, og dei som vil kan komme søndag kveld frå kl 1700.

### Dagsprogrammet vil sjå nokon lunde slik ut:

08.30-09.30 : Frukost	
10.00-12.00: Bridgeøving/introduksjon.	
12.00: Lunsj	
13.00-15.00: Uteaktivitet (Segling, havfiske, kajakk, bading osv.)	
16.00: Middag	
17.00-19.00: Bridge	
19.00-20.00: Fritid	
20.00: Kvelds	
20.30: Kveldsaktivitet/fritid. (Playstation turnering, Quis)	
23.00: God natt.	

Pris pr. deltakar : 750 kr (då er alle måltid og utflukter inkludert). Påmelding til Rune Fagerbakke på e-post: [rune@bofiber.no](mailto:rune@bofiber.no)

Det er plass til 30 born på leiren. Dei første påmeldte får plass. Aldersgrensa blir 10-18 år. Foreldre kan levere barna på Krokeide eller Sandvikvåg ferje kai søndag kveld og blir tatt i mot av ein vaksen. Leiren sluttar kl 1600 på Onsdag ettermiddag.

Dette blir kjempekjekt!

Austevoll Bridgeklubb